

## OVERSIKT OVER PÅGÅANDE EKSTERNE TILSYN OG REVISJONAR

### Oppsummering

**Raud tekst:** Nytt sidan førre notat.

SAKSNR	TILSYNSORGAN	TILSYNSOBJEKT	TEMA FOR TILSYNET	STATUS
2018/174	Riksrevisjonen	Helse Førde HF	Årsaker til uønskt variasjon i forbruk av spesialisthelsetenester	U.off. Resultat blir offentleggjort hausten 2019
2006/85	Årdal brannvern	Lærdal sjukehus Helse Førde HF	Integrering av brannførebygging i HMS-systemet. Verifisering av HMS-systemet ved gjennomgang av branndokumentasjon for objektet. Verifisering av branndokumentasjon ved synfaring.	Ope
2018/3082 2018/3083 2018/3085	Arbeidstilsynet	Helse Førde HF, Kirurgisk klinikk (Flora, Lærdal og Selje)	Førebyggjande og systematisk HMS-arbeid i ambulansetenesta	Lukka
2018/4239	Riksrevisjonen	Helse Førde HF	Bemanningsutfordringar for sjukepleiarar i sjukehus	Ope
2018/4325	Helsedirektoratet	Helse Førde HF	Dokumentkontroll av opphald i DRG 475A sjukdomar i åndedrettsorgan med ventilasjonsstøtte	Ope
2018/4535	Statens legemiddelverk	Helse Førde HF	Tilverking av blod og blodkomponentar	Lukka
2019/187	Fylkesmannen i Vestland	Helse Førde HF	Spesialisthelsetenester til utlokaliserte pasientar	Ope
2019/474	Arbeidstilsynet	FSS Barnehabiliteringa	Inneklima	Ope
2018/3814	Arbeidstilsynet	Helse Førde HF, Kirurgisk klinikk (Luster og Lavik)	Førebyggjande og systematisk HMS-arbeid i ambulansetenesta	Lukka

## Rapport: Pågående eksterne tilsyn

Rapporten gjeld systemtilsyn gjennomført av eksterne tilsynsorgan, som er retta mot Helse Førde HF eller einingar i føretaket.

Referanse	<b>2018/174</b> <b>Årsaker til uønskt variasjon i forbruk av spesialisthelsetenester</b>
Status	<b>Ope</b>
Tilsynsorgan	Riksrevisjonen
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF
Tema	Forvaltningsrevisjon om årsaker til uønskt variasjon i forbruk av spesialisthelsetenester Oppdatert informasjon sendt til Riksrevisjonen 04.04.2019.
U.off.	Offentleglova § 5, 2. ledd (utsett innsyn), jf. Riksrevisjonslova § 18, 2. ledd Resultat planleggast rapportert til Stortinget hausten 2019 i Dokument 3:2

Referanse	<b>2006/85</b> <b>Integrering av brannførebygging i HMS-systemet. Verifisering av HMS-systemet ved gjennomgang av branndokumentasjon for objektet. Verifisering av branndokumentasjon ved synfaring.</b>
Status	<b>Ope</b>
Tilsynsorgan	Årdal brannvern
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF, Lærdal sjukehus
Tilsynsvarsel	Ikkje varsla
Tilsynsvitjing	27.02.2018
Tilsynsrapport	Mottatt 19.04.2018 Fem avvik knytt til: <ol style="list-style-type: none"><li>1. Kunnskap og informasjon om brann sikkerheit i bygget</li><li>2. Risikokartlegging</li><li>3. Kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerheitsinnretningar</li><li>4. Eigardokumentasjon</li><li>5. Brukardokumentasjon</li></ol>
Tilbakemelding	19.04.2018 Tiltak: <ol style="list-style-type: none"><li>1 Gjennomføre tilsynsrapport for LSH - Kontakt med relevante firma er i gang - Skaffe fram arkiverte byggemeldingar frå sjukehus/ fylkeskommune/ helseføretak og Lærdal kommune</li><li>2 ROS vurdering knytt til brannvern på ulike einingar - Samhandlingsmøte - Gjennomgang pr avd. - Utarbeiding av felles ROS for LSH</li><li>3 Gjere ferdig årsplan og avtaler om tilsyn for ulike element. Slokkeøvingar / evakueringsøvingar er planlagt</li><li>4 Sjå pkt. 1.1 – same eigardokumentasjon</li><li>5 - BV leiar kurs er gjennomført - Implementering av ny brannvernplan gjennomførast i mai mnd. - Slokkeøvingar og evakueringsøving (mai/juni) - Oppdatert årskjema for tilsyn, kontroll og brannvernaktivitetar</li></ol>

Status	Avvik 2, 3 og 5 er lukka. Helse Førde har vore i kontakt med firma for bistand med å lukke avvik 1 og 4. Det er inngått avtale med leverandør som skal bistå i arbeidet med å få lukka dei to avvika.
Avslutning	

Referanse	<b>2018/3082 – 2018/3083 – 2018/3085</b> <b>Førebyggjande og systematisk HMS-arbeid i ambulansetenesta</b>
-----------	---

Status	<b>Lukka</b>
Tilsynsorgan	Arbeidstilsynet
Tilsynsobjekt	Lærdal, Selje og Flora ambulansestasjon
Tilsynsvitjing	25.10.2018, 08.11.2018 og 22.11.2018
Tilsynsvarsel	28.08.2018
Tilsynsrapport	17.12.2018

Arbeidstilsynet har varsla pålegg knytt til syv felles avvik:

- Bedriftshelseteneste – plan for bistand
- Manuelt arbeid – tiltak og plan
- Manuelt arbeid – informasjon og opplæring
- Vald og truslar om vald - opplæring
- Vald, truslar om vald og uheldige psykiske belastningar – kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan
- Biologiske faktorar – kartlegging og risikovurdering
- Biologisk helsefare – tiltak og plan

Lærdal ambulansestasjon har eit avvik i tillegg:

- HMS-arbeid – medverknad

Arbeidstilsynet har valgt berre å effektuere to av dei varsla pålegga. Dei to pålegga gjeld:

1. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering
2. Biologisk helsefare - tiltak og plan

Øvrige varsla pålegg blir ikkje følgde opp vidare og blir rekna som avslutta.

Tilbakemelding	Vi sendte tilbakemelding med merknadar til rapportane den 22.01.2019. Det blei også gitt tilbakemelding til Arbeidstilsynet 11.02.2019, 04.04.2019 og 10.04.2019. I tillegg vart det avholdt oppsummeringsmøte mellom HFD og Arbeidstilsynet 03.04.2019.
----------------	--

Helse Førde sendte tilbakemelding om korleis avvika er handtert og kva tiltak som er sett i verk for å lukke dei to avvika den 01.07.2019. **Det blei sendt ytterlegare opplysningar 01.10.2019.**

Status	Vi har kvittert ut avvika og ventar på at Arbeidstilsynet skal avslutte tilsynet.
Avslutning	<b>Arbeidstilsynet avslutta sakene 04.10.2019</b>

Referanse	<b>2018/4239</b> <b>Bemanningsutfordringar for sjukepleiarar i sjukehus</b>
-----------	--

Status	<b>Ope</b>
Tilsynsorgan	Riksrevisjonen
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF
Tilsynsvarsel	28.11.2018
Tilsynsrapport	Resultat rapportertast til Stortinget hausten 2019 i Dokument 3:2 (2018-2019)
Status	Datainnsamling vil i hovudsak skje ved å hente inn registerdata, dokumentar og utfylling av spørjeundersøking blant leiarar og tilsette sjukepleiarar/spesialsjukepleiarar. Det blir i mars 2019 gjennomført intervju i inntil

	fire sjukehus og utvalde helseføretak. Dokumentar og kontaktinformasjon er sendt til Riksrevisjonen.
Avslutning	

Referanse	<b>2018/4325</b> <b>Dokumentkontroll av opphald i DRG 475A sjukdomar i åndedrettsorgan med ventilasjonsstøtte</b>
Status	<b>Ope</b>
Tilsynsorgan	Helsedirektoratet
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF
Tilsynsvarsel	03.12.2018
Tilsynsvitjing	05. – 06. februar 2019
Tilsynsrapport	Resultat frå dokumentkontroll blir presentert i årsrapporten seinare i haust.
Tilbakemelding	
Status	Tilsyn gjennomført. Ventar på rapport.
Avslutning	

Referanse	<b>2018/4535</b> <b>Tilverking av blod og blodkomponentar</b>
Status	<b>Lukka</b>
Tilsynsorgan	Statens legemiddelverk
Tilsynsobjekt	Blodbanken FSS, Tappestasjon Florø, Nordfjord sjukehus, Lærdal sjukehus
Tilsynsvitjing	11. – 14. februar 2019
Tilsynsvarsel	20.12.2018
Tilsynsrapport	11.03.2019 Inspektørens generelle inntrykk er at verksemda drives i tråd med gjeldande regelverk. Inspektørens inntrykk er vidare at blodbanken har god kvalitetsforståing og tilfredsstillande kvalitetsstyring. Generelt følg ein kvalitetsstyringssystemet, men implementering er i enkelte tilfelle er mangelfull.  Tre avvik; ingen kritiske (K), eitt stort (S) og to andre avvik: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Systema som skal sikre rutinemesse service av utstyr fungerer ikkje tilfredsstillande. (A)</li> <li>2. Kvalitetsstyringssystemet er nokon stadar mangelfullt implementert. (A)</li> <li>3. Kontroll av blodgivars eignaheit er mangelfull. (S)</li> </ol>
Tilbakemelding	Framdriftsplan som viser tiltak, med tilhøyrande fristar, er sendt til Statens Legemiddelverk.
Status	Vi ventar på tilbakemelding frå Statens legemiddelverk om at dei aksepterer tiltaksplanen og avsluttar tilsynet.
Avslutning	<b>Statens legemiddelverk avslutta saka den 01.10.2019.</b>

Referanse	<b>2019/187</b> <b>Spesialisthelsetenester til utlokaliserte pasientar</b>
Status	<b>Ope</b>
Tilsynsorgan	Fylkesmannen i Vestland
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF
Tilsynsvarsel	11.01.2019
Tilsynsvitjing	17. – 20. juni 2019
Tilsynsrapport	Helse Førde HF fekk tilsynsrapporten den 12.09.2019. Fylkesmannen i Vestland har konkludert med at det er eitt avvik:

---

«Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt.

Svikt i informasjonsoverføring og samhandling ved utlokalisering er ikkje følgd opp med korrigerande tiltak. Det er ikkje lagt til rette for at det til ei kvar tid ligg føre oversikt over kvar pasientar er utlokaliserte og kva lege som har ansvaret. Praksis ved visittgang hos utlokaliserte pasientar inneber at viktig informasjon kan gå tapt.»

---

Tilbakemelding	Vi har frist til 01.11.2019 til å sende plan for retting av avviket.
Status	Registrering av utlokaliserte pasientar blei gjennomført i veke 5 – 8, og kartleggings skjema blei overlevert til fylkesmannen 08.03.2019. Eigenevaluering er gjennomført og sendt til Fylkesmannen i Vestland. Stadleg tilsyn med stikkprøvar i journal og intervju med meir enn 30 tilsette (helsepersonell og leiarar) vart gjennomført 17. – 20. juni.
Avslutning	

---

Referanse	<b>2019/474</b> <b>Tilsyn med inn klima og vurdere stans av arbeid i fleire kontorlokale i 0 etg.</b>
Status	<b>Ope</b>
Tilsynsorgan	Arbeidstilsynet
Tilsynsobjekt	FSS, Barnehabiliteringa
Tilsynsvitjing	07.01.2019
Tilsynsrapport	30.01.2019 Før jul 2018 stengte verneombodet fleire kontorlokale i kjellaren ved Førde sentralsjukehus med omsyn til det fysiske arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet sin konklusjon var at det ikkje var umiddelbar fare for arbeidstakarane si liv og helse, og at det ikkje var grunnlag for å halde kontorlokala stengt, jf. arbeidsmiljøloven § 6-3 (1).

Det er fatta vedtak om tre pålegg:

1. Arbeidsgivaren skal kartlegge og risikovurdere om arbeidslokale er utforma og innreidde slik at dei enkelte arbeidsplassane, personalromma osv. har eit tilfredsstillande inn klima.
2. Arbeidsgivaren skal sette i verk tiltak og / eller utarbeide ein plan for å fjerne eller redusere forhold som kan føre til helseproblem på grunn av dårleg inn klima.
3. Arbeidsgivaren skal sørge for at bedriftshelsetenesta hjelper til ved gjennomføringa av pålegg som er gitte.

---

Tilbakemelding	SINTEF er engasjert for å bistå i arbeidet. Dei har gjennomført synfaring i kjellaren og Helse Førde har motteke rapport frå synfaringa. Arbeidstilsynet er orientert om framdrifta.
Status	Det ikkje er nokon spesielle funn som forklarar plagene nokon av dei tilsette kjennar på. Helse Førde gjennomgår rapporten frå SINTEF og har dialog med hovudverneombodet om korleis vi skal ta dette vidare. Frist for tilbakemelding til Arbeidstilsynet er 16.09.2019.

---

Helse Førde har sendt tilsvar til Arbeidstilsynet om korleis avvika er handtert. Arbeidstilsynet har og fått rapporten frå Sintef og risikovurdering utarbeida av Bedriftshelsetenesta.

---

Avslutning	
------------	--

---

<b>Referanse</b>	<b>2018/3812 - 2018/3814</b> <b>Førebyggjande og systematisk HMS-arbeid i ambulansetenesta</b>
Status	<b>Lukka</b>
Tilsynsorgan	Arbeidstilsynet
Tilsynsobjekt	Luster og Lavik ambulansestasjon
Tilsynsvarsel	29.10.2019
Tilsynsvitjing	31.01.2019 og 14.02.2019
Tilsynsrapport	30.04.2019 Det blei funne to avvika kor det er varsla pålegg: <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering</li> <li>2. Biologisk helsefare - tiltak og plan</li> </ul> <p>Det er gitt frist til 20.05.2019 for å kome med uttale til rapporten. Frist for å lukke avvika er 01.07.2019.</p>
Tilbakemelding	Helse Førde sendte tilbakemelding om korleis avvika er handtert og kva tiltak som er sett i verk for å lukke dei to avvika den 01.07.2019. <b>Det blei sendt ytterlegare opplysningar til Arbeidstilsynet den 01.10.2019.</b>
Status	Vi har kvittert ut avvika og ventar på at Arbeidstilsynet skal avslutte tilsynet.
Avslutning	<b>Arbeidstilsynet avslutta sakene 04.10.2019</b>